
Saknr: 2020/37803-1
Saksbehandlar Jan Heggheim
Dato: 03.02.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Orientering om mandat for Næringsforum Vestland

Næringsforum Vestland er ein administrativ partnerskap for samordna innsats for å fremje innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke i tråd med mål og strategiar i politiske vedtekne regionale styringsdokument. Næringsforum Vestland skal også vere eit verktøy for koordinert innsats av midlar og andre ressursar som partnarane i forumet rår over til regional næringsutvikling og innovasjon.

Næringsforum Vestland har drøfta mandat for arbeidet til forumet i nye Vestland fylke i møter hausten 2019, og har gitt endeleg tilråding i møte 22. januar 2020. Fylkesdirektøren har gjort vedtak i saka i tråd med Delegeringsreglementet og administrativ delegering. Næringsforum Vestland overtek oppgåvene til tidlegare Regionalt Næringsforum i Hordaland og Næringsforum Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen vil nytte næringsforum som eit rådgjevande organ i si sakshandsaming opp mot utval for naturressursar, næring og innovasjon.

Vedlegg

- 1 Mandat og samansetnad for Næringsforum Vestland